



Utsikt frå Nuten mot Kvanndal Foto Anne Lorentzen

NUTESTØLEN/ NUTEN PÅ HAMRE ca. 650 moh

Nutestølen er sommarstøl/fjellstøl til Hamre og ligg i om lag 650 m høgd sør for Seljesete.

Her er det tufter etter både sel og flor. Sjur Hamre var den siste som bruka stølen fram mot 1950-talet. Truleg vart stølen etablert tidleg på 1800 –talet, men vart nedlagt ca 1920.Grunnen til dette var nok at den var tungdreven med vanskeleg tilkomst. Buføringa gjekk over Seljenuten og Middagsnuten.

Stølen inneheld 3 tufter. Den øverste, som du står ved no, tilhøyrer brn.7. Denne vart lenge teken vare på som jakthytta, men fall ned ein gong på 1970 –talet. Dei 2 andre tuftene tilhøyrde truleg brn 1 og 2. Hytta som står lenger nede, tilhøyrer brn 4 og vart bygd i 2003.

Den enklaste vegen vidare til Oksen, er å gå oppover på utsida av elva til Tverrgjelæ som er ein bekk som renn på tvers av fallretninga. Der snur ein til venstre og fylgjer dette gjelet til ein møter den merka vegen frå Seljenuten.
DENNE VEGEN ER IKKJE MERKA.

Kjelder: «Stølane i Granvin» av Torbjørn Seim og lokalkjende.

GOD TUR!
Granvin turlag.

*Utsikt frå Nuten
mot Folkedal.
Foto Anne Lorentzen*



*Nutestølen. Utsikt ut Hardangerfjorden
Foto: Åsta Syslak*